



Det er tilsaman 13 hinder i den nye hinderløypa.

**Det er Tor Vidar Sæle frå Uskedalen og Kvinnherad Vekstbedrift som har designa, teikna og prosjektert hinderløypa i Sjøvangen på Halsnøy. Den 500 meter lange løypetraseen vart offisielt opna i går, laurdag 15. august, med aktivitetar og markering. Arbeidet er utført av Kvinnherad Vekstbedrit. Hinderløypa er ein del av sportsløypa og høver best for spenstige brukarar.**

Kvinnherad Vekstbedrift fekk spørsmålet i slutten av 2017 om planlegging og gjennomføring av hinderløypa. Arbeidet tok til i 2018 og ser ein bort frå vinteren med frost og kulde, har sjølve arbeidet i felten gått over eit og eit halvt år.

Tor Vidar Sæle har militær utdanning, mellom anna som fallskjermjeger. Han har vore aktiv med fysiske øvingar i felten og kjenner godt hinderløyper i Forsvaret. Med dette som bakgrunn ha han teikna kvart hinder og lagt det inn i løypetraseen.





Hinderløypa er ein del av ei sportsløype og kan brukast av alle.

Til Uskedalen.no fortel Tor Vidar Sæle at hinderløypa på Halsnøy har med desse installasjonane:

- Over/underhinder
- Krypehinder
- Dirtyhinder
- Klatrenett hinder
- Kryptunnel
- Balansehinder
- Dekktrapp
- Irisbrett
- Armganghinder
- Stigehinder
- Vegghinder - klatretau

Sportsløypa med eller utan hinder er open for alle som vil ta turen til Sjøvangen på Halsnøy.

Utbyggjar er Røen & Sjøvangen Vel. Grunnarbeidet og grusinga er gjort av Halsnøy Trelast. Fjelberg Kraftlag har montert stolpane. Kostnaden er rekna til rundt 1 mill. kr.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tor Vidar Sæle





Balansehinder er som oftast med i ei hinderløype.